

Hei!

Det er stor aktivitet for tilsette og tillitsvalde i organisasjonen vår om dagen. Alle har som mål å representera organisasjonen vår på ein best mogleg måte. Vi arbeider for, og vil framsnakka landbruket, bonden og vår eigen organisasjon. Under kan du lese om all aktivitet. I tillegg kjem vi med tips og anna relevant informasjon som vi meiner er til nytte for deg. Det kan gjelde fristar som skal haldast, endringar i eller nye reglar og lover som kjem. Ta deg tid til å lese gjennom og klikk deg inn på linkar for meir utfyllande informasjon.

AKTUELT

Frå og med 1. januar 2018, med verknad for rekneskapsåret 2017, er det ikkje lenger krav til årsmelding for små føretak. Likevel bør alle lage ein uttale om driftsåret frå styret. Ynskjer du meir kjennskap til § 3-3. Årsberetningens innhald for små føretak, føl du linken [her](#)

WEBTEMP

I januar månad tok tre nye lag i bruk Webtemp og overførte sin kunderskontro frå Duett/Sunpro til Webtemp. Vi seier varmt velkomen til Landbrukstjenester Akershus, Landbrukstjenester Telemark og Landbrukstjenester Østfold.

Ynskjer dine medarbeidarar ei enkel løysing for timeregistrering? Ynskjer bonden betre oversikt over eigen kunderskontro? Eller ynskjer du deg dette for laget? Bli med! Det er no opna opp for at du kan ta i bruk Webtemp på andre tidspunkt enn ved årsskiftet for å unngå den travlaste perioden.

Det er allereie nokon lag som har meldt si interesse for Webtempkurs på haustsamlinga 2018. Styret har vedteke at innføring av Webtemp skal vere gratis også i 2018. Ser vi deg på Webtempkurs?

Det vert sett opp eit oppfølgingskurs på vårsamlinga. Dette kurset er for dei som allereie nyttar programvara. For nye brukarar vert det webtempkurs på haustsamlinga.

ADMINISTRASJONSHANDBOKA

Vi utfører kontinuerleg arbeide for å vedlikehalda Administrasjonshandboka. Målet er at dette skal vere eit godt verktøy for dykk som nyttar seg av tilbodet.

Administrasjonshandboka finn du under HMS på sticos.no. Har du som administrasjonstilsett logga deg inn?

Kom med innspel og send oss gjerne dokument og malar som du tenkjer kan vere til nytte for administrasjonstilsette i organisasjonen. Det er vi sentralt som kan gjere dokumenta tilgjengeleg for alle laga. Det du lastar opp av dokument er tilgjengeleg

lokalt for deg. Kom gjerne med ris eller ros, slik at vi kan gjere dette til eit best mogeleg verktøy for deg! Ditt bidrag eller innspel sender du til trude@n-lt.no.

STRATEGIPLANEN 2018-2021

Arbeidet med ny strategiplan starta på nyåret i 2017. Styret sette ned ei arbeidsgruppe som har hatt ansvar for framdrifta i prosessen. Arbeidsgruppa har bestått av Harald Lie, Bodil Mannsverk, Finn Egil Adolfsen, Tor Skeie Olsen og Frode Alfarnes. Ola Jordhøy i Steg for Steg har vore prosessleiar.

Fokuset har vore å involvere laga så breitt som råd. Det har vore ute ei spørjeundersøking. Svara på denne danna grunnlaget for strategisamlinga på vårsamlinga i mai 2017. Det var også ei strategisamling i samband med haustsamlinga, i tillegg til at det var tema for sjølve samlinga.

Laga har stått fritt til å kome med innspel på alt som står i utkastet. I veke 7 sendte NLT ut høyringsdokument Strategiplan 2018 – 2021. Fristen for å komme med eit høyringssvar var sett til 10. mars 2018. Det kom inn 14 svar på strategihøyringa.

KURS/ SAMLINGAR/ MØTER

JANUAR

- 15. – 16. **MØTE MED NLR MAT OG LANDBRUK**
Dagleg leiar i NLT, Frode Alfarnes, representerte Norske landbruksteneseter. Link [her](#)

- 17. **MØTE I NUGF – NASJONALT UTVAL FOR GRØNE FAGSKULAR HOS BONDELAGET**
Harald Lie deltok på dette møtet.

- 22. **SKYPE-MØTE MED STRATEGIGRUPPA**
Alle i arbeidsgruppa deltok på skype møte angående strategiplanen.

- 23. **MØTE MED REFERANSEGRUPPA**
Siste møte i referansegruppa som har sett på alternative tilknytingskrav i samband med tilskott til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. Ferdig rapport ligg [her](#)

- 25. **TELEFONMØTE MED NLR OG ARBEIDSTILSYNET**
Tor Skeie Olsen møtte med Linda Greger i Arbeidstilsynet Nord Norge, Laila Grødal i Arbeidstilsynet, Halle Arnes og Kari-Anne Aanerud i Norsk Landbruksrådgiving. Dette var eit arbeidsmøte der ein lufta tankar og

idear rundt HMS jobbing/dokumentasjon i landbruket, og då spesielt i vår organisasjon. Nytt møte vert i midten av april.

29. **MØTE MED HORDALAND BONDELAG**

Frode Alfarnes deltok i møte med Hordaland Bondelag for å legge fram NLT sine prioriterte punkt i samband med årets jordbruksforhandlingar.

FEBRUAR

5. – 6. **MØTE MED STRATEGIGRUPPA.**

Strategigruppa møtte på Scandic Hell for å utarbeide plan klar for høyring.

6. – 8 **STYREMØTE I STEINKJER**

Styremedlem Finn Egil Adolfsen invitererte til styremøte i Steinkjer. Vi vart ønska varmt velkomen og starta turen på den Gyldne Omvei på Inderøy. Vi fekk eit fint og lærerikt møte med Innherred Landbrukstjenester på Berg Gård. Når referat frå møtet er klart kan du finne det på heimesida vår [her](#)

12. **INFORMASJONSMØTE NASJONAL FAGKOMPETANSE FOR LANDBRUKSHELSE.**

Tor Inge Eidesen deltok på informasjonsmøte om etablering av Nasjonalt fagkompetansesenter for landbrukshelse hjå Norges Bondelag.

12. **MØTE MED FYLKESBONDELAGA I TRØNDELAG**

Finn Egil Adolfsen representerer NLT på eit møte med Fylkesbondelaga i Trøndelag på Kvithamar i Stjørdal. Temaet var innspel til jordbruksforhandlingane.

13. **FAGDAG OM DYREVELFERD**

Tor Inge Eidesen representerte NLT. Fleire innleiarar heldt gode foredrag om ulike sider av problemstillinga. NLT ser at god tilgang på og bruk av våre tenester kan være med å førebyggje negative hendingar. Men det reiser også en del problemstillingar i forhold til den vanskelege balansen mellom å bry seg *med* og bry seg *om*. Uansett – god kriseberedskap er viktig. Dette er et tema vi samarbeider med NLR-HMS om. Det finst også nyttig informasjon på <https://www.godtbondeveitt.no/>

13. **STYREMØTE I NHO MAT OG DRIKKE**

Harald Lie representerer Norske Landbrukstenester.

14. **SAMARBEIDSMØTE NHO MAT OG DRIKKE**

NLT og NHO Mat og Drikke har i starten på kvart år møte for å diskutere

emne vi har samarbeid på i løpet av året. Tema på dette møtet var; Kurs og innlegg til vår- og haustsamling, Landbrukstenestene sin representasjon i NHO MD, GDPR, endringar i aktuelle lover og forskrifter, utviklinga i NLT og NHO MD.

27. **KRINSMØTE I LT FOLGEFONNA PÅ GOL.**

Frode Alfarnes heldt eit innlegg om utfordringa i landbrukstenestene.

MARS

1. **TARIFFKONFERANSE MED NHO MAT OG DRIKKE**

Tor Inge Eidesen representerte NLT på tariffkonferansen i NHO Mat og Drikke 2018. Her vart det gitt informasjon om dei framtidige tariff forhandlingane. LO har krevja «samordna oppgjer». Eit samordna oppgjer har vi ikkje hatt sidan 2008. Det betyr at alle sentrale forhandlingsspørsmål forhandlast mellom LO og NHO på toppnivå. Det vil bli gjennomført ei «forbundsvis sløyfe», det vil sei forhandlingar innan kvar overeinskomst om avgrensa spørsmål og ei begrensa ramme som vert gjeve frå forhandlingspartane i hovudoppgjeret. Den «forbundsvise sløyfa» vart gjennomført for vår overeinskomst den 16. mars. Forhandlingsresultatet er ikkje tilgjengeleg før hovudoppgjeret er ferdig – «alt heng saman med alt». <https://www.nhomd.no/arbeidsforhold-og-tariff/tariff/2018/lonnsoppgjoret-2018/>

5. **SAMARBEIDSMØTE MED NORSK LANDBRUKSRÅDGIVING**

Styreleiar Harald Lie og dagleg leiar Frode Alfarnes deltok på samarbeidsmøte med Norsk Landbruksrådgiving.

6. **ÅRSMØTE I GJESDAL AVLØYSARLAG**

Gjesdal Avløysarlag har inntil no ikkje hatt arbeidsgjevaransvar for lagets medlemmer, men bidrege med løn og regnskapsmessige tenester i tillegg til landbruksvikaren som dei har hatt hand om. Styret i Gjesdal Avløysarlag hadde overfor årsmøtet den 6. mars innstilt på at dei skulle søke om medlemsskap i NLT. Styremedlem Tor Inge Eidesen var tilstades og orienterte om arbeidet i NLT og kva fordelar eventuelt

ulemper ein overgang til at avløysarlaget har arbeidsgjevaransvar kunne innebera. Årsmøtet vedtok at dei vil søke medlemskap i NLT.

14. – 15. **TRØNDELAGSTREFF**
Styremedlem Finn Egil Adolfsen deltok i regi av NLT på «Trøndelagstreff» på Hell.
15. **ÅRSMØTE I NORD-TRØNDELAG BONDELAG**
NLT var invitert som gjest til årsmøtet. Også på dette møtet vart organisasjonen representert av Finn Egil Adolfsen. Møtet fann stad på Stiklestad.
15. **PLANLEGGINGSMØTE FOR DYRSKU`N 2018**
Tor Skeie Olsen er i gang med førebuing til Dyrsku`n 2018. Føl [linken](#) for meir informasjon.
15. **ÅRSMØTE I NORSK LANDBRUKSRÅDGJEVING**
Tema for årsmøtet var Landbruk i utvikling. Endringar gir moglegheiter. Styreleiar Harald Lie gjesta møtet.
19. **MØTE I STRATEGIGRUPPA**
Strategigruppa kom saman for å klargjere strategiplanen etter høyringa og før årsmøtet.
19. **MØTE MED LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET OG LANDBRUKSDIREKTORATET**
Harald Lie, Bodil Mannsverk og Frode Alfarnes representerer Norske Landbrukstenester i diskusjon om felles utfordringar.
20. **STYREMØTE I NHO MAT OG DRIKKE**
Styreleiar Harald Lie deltok på arbeidsgjevarorganisasjonen NHO Mat og Drikke sitt styremøte. Lie er styremedlem i NHO MD.
21. **LANDBRUKSVIKARKURS**
Romar Skeie Olsen deltok på landbruksvikarkurs på Stranda i Møre og Romsdal. Det var Storfjord Landbrukstenester som stod som arrangør. På kurset deltok 14 landbruksvikarar/fulltidsavløysarar frå Storfjord Landbrukstenester, Landbruk Nordvest og Indre Nordmøre Landbrukstenester. I innlegget til NLT vart det informert litt om NLT som organisasjon og om forsikringane vi tilbyr. Innlegget vart avslutta med ein

«Kahoot» (quiz) om det som vart gått gjennom. Dette vart godt motteke og det viste seg at det var mange som hadde «fylgd med i timen».

21. – 22 **REPRESENTANTSKAPSMØTE I NORGES BONDELAG**
Styrets nestleiar Bodil Mannsverk deltok på representantskapsmøte i Norges Bondelag. Du kan lese meir om dette [her](#)

DETTE SKJER FRAMOVER

ÅRSMØTE

Norske Landbrukstenester held årsmøte på Thon Hotel Oslo Airport. 10. - 11. april 2018. I år som i fjor er det Nina Vangen Ranøien som loser oss gjennom saklista på årsmøtet. Vi får spennande gjester, det vert inspirerande innlegg og ein triveleg festmiddag med prisutdeling for årets lag! Nestleiar i styret, Bodil Mannsverk har regi på kveldens festmiddag. Sakliste til årsmøtet finn du [her](#).

VÅRSAMLING

I slutten av april sender vi ut invitasjon til årets vårsamling som vert arrangert på Scandic Hell 29.-30. mai. Som tidlegare ordnar de reisa sjølv, medan vi sentralt tek oss av resten. Når det gjeld programmet til denne samlinga er det meste stort sett på plass, men om du har tips eller ynskjer om tema er det viktig at du melder dette inn til tor@n-lt.no så snart som råd.

DIVERSE

Firkant i Bondebladet:

Har de hatt avløysarkurs eller landbruksvikarkurs i det siste? Send tekst og bilete til tor@n-lt.no, så kan vi få det inn i Bondebladet. Det same gjeld om de har eit tema eller ei gladsak frå ditt lokalområde som de ynskjer å dele med andre. Merk deg at teksten ikkje bør vera meir enn maks 350 ord.

INNRAPPORTERING TIL NLT

Det er vedteke at medlemslaga til NLT skal sende inn rapportering til NLT. Dette er ei oversikt over lønsomsetnad og rekneskapsrapport. Det er viktig at ei sender inn disse rapportane når ein arbeider med årsoppgjeret. Dersom det vert endringar i data seinare så sender laget inn ein ny rapport. NLT bruker rapportane som grunnlag for forsikringspremie, medlemskontingent og statistikk. I tillegg utarbeider vi kvart år ein eigen rapport over nøkkeltal i medlemslaga. Send rapportane som et vedlegg i e-post til frode@n-lt.no. Ta kontakt om du treng hjelp. Frist for rapport er sett til 30. april.

Etter denne datoen vil det verta lagt til eit ekstra kontingent på 7500 kroner. Du finn utfyllande informasjon [her](#)

HEILÅRS REISEFORSIKRING

Som medlem i NLT frå du gode rabattar på reiseforsikring gjennom [Gouda](#).

25 % rabatt av ordinær pris på Gouda heilårsforsikring.

Pris familie – Super dekning: kr 1.422,-

Pris einsleg – Super dekning: kr 1.197,-

NYE MRSA-REGLER SKAL GJE BETRE SMITTEBESKYTTELSE

Frå 1. april vil ny forskrift om smitteforebyggande tiltak mot visse antibiotikaresistente bakteriar hos svin bli gjort gjeldene. Du kan lese meir om dette på Mattilsynet sine sider [her](#)

NESTE NYHEITSBREV

Nytt nyheitsskriv vert sendt ut i slutten av juni 2018. Om du har saker som du ynskjer å dele med organisasjonen, ris eller ros angående nyheitsskrivet? Send ein e-post til trude@n-lt.no. Slik at vi kan nå ut med informasjon og lage eit enda betre nyheitsskriv for organisasjonen vår neste gong.

Styret og administrasjonen ynskjer alle ei riktig god og stemningsfull påske!